

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/22. Vurdering av skatteplikt for fjellstyre

Saksopplysing/vurdering:

Fjellstyret sin revisor, Gunn Irene Siggum Bruheim frå Deloitte AS, tok i brev datert 21.2.22 opp spørsmålet om fjellstyret sin aktivitet med tenestesal til andre aktørar kan bli sett på som skattepliktig. Ho skriv at det kan vera ein risiko for at aktiviteten kan bli vurdert som skattepliktig, og rår til at fjellstyret får gjort ei vurdering av dette.

Brevet vart lagt fram som melding i fjellstyret sitt møte den 17. mars. Då meinte fjellstyret at saka kunne venta til ein hadde fått ei vurdering av spørsmålet frå fjellstyresambandet. Denne er no komen, datert 19. april. Både brevet frå revisor og e-posten frå fjellstyresambandet ligg ved.


I e-posten skriv Jan Borgnes, dagleg leiari i fjellstyresambandet, at det er forståeleg at spørsmålet vert teke opp, sidan utleige av arbeidskraft utgjer 55 % av dei samla inntektene til fjellstyret. Han listar vidare opp fleire punkt der lovverket går nærmare inn på om aktivitet er skattepliktig eller ikkje. Eit par av punkta tilseier at aktiviteten er skattepliktig. Det siste av dei opplista punkta kan derimot indikera at fjellstyret sitt tenestesal ikkje treng vera skattepliktig. Han konkluderer i innleiinga si med at fjellstyret bør kontakta ein skatteadvokat og be om råd, før ein ev tek kontakt me skatteetaten. Sidan dette er ei problemstilling som vil gjelda fleire fjellstyre, skriv han at NFS kan gje økonomisk støtte til slik rådgjeving. Eg meiner dette kan vera ein bra måte å ta saka vidare på, så sant fjellstyret får dekt heile eller deler av kostnaden med ei slik juridisk vurdering.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret hentar inn tilbod frå skatteadvokat for å få vurdert ev skatteplikt av aktiviteten med utleige av arbeidskraft. Dersom NFS dekkjer kostnaden med dette, vert oppdraget gjeve. Viss det fører med seg ein kostnad for fjellstyret, må saka opp att i nytt møte før ein engasjerer advokat til å vurdera spørsmålet.

Fjellstyrekontoret, den 21.4.22

Harald Skjerdal



Deloitte AS
Gravensteinsgata 19
Postboks 206
NO-6852 Sogndal
Norway

Tel: +47 57 67 65 70
www.deloitte.no

Aurland Fjellstyre
Onstadvegen 25

5745 Aurland

Sogndal, 21. februar 2022

Revisjonsrapport 1

I forbindelse med revisjon av rekneskapen for 2021 ønsker vi å følge opp eit forhold som muntlig har vore diskutert med Harald Skjerdal og Aurland Rekneskapskontor.

Aurland Fjellstyre har ein betydelig del av sine driftsinntekter frå utleige av arbeidskraft og vi har stilt spørsmål om denne aktiviteten kan bli sett på som skattepliktig for fjellstyre.

Fra Aurland Fjellstyre v/ Harald Skjerdal er spørsmålet teke viare til den nasjonale delen av Fjellstyretutvalg og tilbakemelding frå dei er at ingen fjellstyrer er skattepliktige.

Tilbakemeldinga fra Fjellstyretutvalet er nok riktig for ei normal drift i fjellstyrta, men i Aurland Fjellstyre har ein betydelige del av sine inntekter fra utleige av arbeidskraft. Disse kan bli sett på å ligge på sida av det som er vanlig drift i fjellstyre og utover det som er deirast oppgåver.

Vi meinar derfor det er ein betydelig risiko for at inntekter frå utleige av arbeidskraft vil bli sett på som skattepliktig og vi anbefalar at styret følger opp forholdet som er teke opp over og får avklart korvidt inntekta vil være skattepoliktig.

Vi gjer merksam på at selskapet vil evt. ha fradrag for kostnader tilhøyrande denne delen av aktiviteten.

Ta gjerne kontakt om det er noko i forhold til denne rapport de ønsker å diskutere.

Med vennleg helsing

Deloitte AS

Gunn Irene Siggum Bruheim
statsautorisert revisor

Aurland Fjellstyre

Fra: Jan Borgnes
Sendt: tirsdag 19. april 2022 11:26
Til: Aurland Fjellstyre; Norges Fjellstyresamband
Kopi: Sigurd Vikesland
Emne: SV: Spørsmål om skatteplikt

Hei,

Under en vurdering fra oss. NFS vil anbefale å konferere med en skatteadvokat før evt. kontakt med skattekontoret. Problemstillingen kan være aktuell også for andre fjellstyrer. NFS kan derfor – hvis ønskelig – bistå med økonomisk støtte til vurdering fra skattejurist. I tilfelle hører vi fra dere.

Vi kan forstå at revisor stiller spørsmål vedrørende dette, da inntektene fra utleie av arbeidskraft utgjør 55 % (kr 1,9 mill) av inntektene.

Noen momenter:

- Skatteetaten har kommet frem til at fjellstyrrene kommer inn under begrepet veldig eller allmennytlig organisasjon. Fjellstyrrene er skattefrie institusjoner. Den allmennytige virksomheten går på forvaltning av natur, miljø og kulturlandskap.
- Driver en institusjon eller organisasjon som er frittatt for skatteplikt økonomisk virksomhet - herunder utleie av fast eiendom, vil formue i og inntekt av den økonomiske virksomheten i utgangspunktet være skattepliktig. (Skatteloven § 2-32 annet ledd)
- Skattefrie institusjoner/organisasjoner som driver økonomisk virksomhet - herunder utleie av fast eiendom - er imidlertid unntatt fra skatteplikt når omsetningen av denne virksomheten i inntektsåret ikke overstiger kr 70 000. For veldelige og allmennytte institusjoner og organisasjoner er denne grensen satt til kr 140 000. (Skatteloven § 2-32 annet ledd)
- En skattefri institusjon mv. som driver økonomisk virksomhet, er ikke skattepliktig for formue i eller inntekt ved den økonomiske virksomheten dersom denne realiserer/virkeliggjør et ikke-ervervsmessig formål. Dette gjelder selv om omsetningen overstiger beløpsgrensene. Det må foretas en konkret vurdering av om en aktivitet skal anses å virkeliggjøre organisasjonens ikke-ervervsmessige formål. Er formålet med den økonomiske virksomheten å finansiere det ikke-ervervsmessige formålet, er inntekten skattepliktig.

Som dere ser over kreves det at det gjøres en del konkrete vurderinger ifht inntektene. Vi tør ikke å konkludere på nåværende tidspunkt.

Noen inntekter som evt kan påvirke skatteplikt er f.eks:

- Utleie av hytter
- Salg av tjenester til SNO
- Salg av andre tjenester

Mvh,

Jan Borgnes
Daglig leder
Norges Fjellstyresamband
Tlf: 90544975
www.fjellstyrene.no